

Oppstart av planarbeid med planprogram - Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Osterøy kommune

Sektor for undervisning, oppvekst og kultur

Innholdsfortegnelse

1.	Innleiing.....	3
	Planprogram.....	3
	Avgrensing.....	3
	Mål med planarbeidet	4
2.	Føringar for planarbeidet.....	4
	Berekraftsmål.....	4
	Nasjonale føringar.....	5
	Regionale føringar.....	5
	Lokale føringar	6
3.	Gjennomføring av planarbeidet.....	6
	Lovverk.....	6
	Framdrift	7
	Organisering av planarbeidet.....	7
	Medverknad, informasjon og samarbeid.....	7
4.	Avslutning	8

1. Innleiing

I gjeldande planstrategi for Osterøy kommune er det ei prioritert oppgåve å få revidert kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Kommunen sitt planprogram for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet var gjeldande i perioden 2008 – 2019. Det vart forlenga til å gjelde for 2020 og 2021, og må med framdriftsplanen føreslått i dette planprogrammet forlengast til å gjelde òg for 2022, for at kommunen skal vere med i tildeling av spelemidlar for 2022.

Planen skal vere styrande i høve prioritering av innsats og ressursar for å nå fastsette mål innan kommunen sine tenester. Hensikten med ein ny kommunedelplan er å få eit meir treffsikkert og realistisk verktøy for administrasjonen å styre etter, samt gode forventningsavklaringar for lag og organisasjonar i kva dei kan vente av kommunen. Måla ein set seg, må sjåast i lys av kommunen sin heilskaplege kapasitet og ressursituasjon.

På nasjonalt nivå er visjonen for idrettspolitikken «Idrett og fysisk aktivitet for alle». Vestland fylke sin visjon for området, er «Fysisk Aktiv Kvar Dag». Osterøy kommune sin plan tek mål av seg å bygge på desse to visjonane, slik at Osterøy kommune sine innbyggjarar har moglegheit til å delta i, eller gjennomføre, fysisk aktivitet dagleg.

Planprogram

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal følgje planprosess som plan- og bygningsloven krev og vert fastsett av formannskapet.

§ 4-1 i Plan- og bygningslova står det om planprogram:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.»

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.»

Avgrensing

Kommunedelplanen er avgrensa til å gjelde for idrett og fysisk aktivitet, slik omgrepa blir definert og forstått i Kulturdepartementet sin stortingsmelding. Planen utgjer med dette berre eit av fleire strategiske verktøy for folkehelsearbeidet i Osterøy kommune.

Med idrett meiner vi aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av lek. Friluftsliv blir definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.

I den vidare teksten vert friluftsliv og fysisk aktivitet omtala samla under omgrepet «fysisk aktivitet», i tråd med «Veileder for Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (KUP 2014).

Eit verkemiddel for å legge til rette for ovannemnde aktivitetar er anleggspolitikken der spelemiddelordninga er viktig for realiseringa av denne. Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast, vidareutviklast og avviklast. I spelemiddelordninga har Kulturdepartementet delt kategoriane av idrettsanlegg inn slik:

- Nærmiljøanlegg: Anlegg eller område utandørs for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu og/eller opphaldsområde.
- Ordinære anlegg: Ordinære anlegg er anlegg som i hovudsak er knytt til konkurranse- og treningsverksemd for organisert idrettsleg aktivitet.
- Nasjonalanlegg: Idrettsanlegg som tilfredsstiller tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap og konkurransar.

Mål med planarbeidet

Arbeidet har følgjande mål:

- Osterøy kommune får ein godkjent kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.
- Osterøy kommune får eit oversyn over nærmiljø anlegg, ordinære anlegg og kartlagde friluftsområde.
- Innbyggjarane i Osterøy kommune har reelle mogelegheiter for å utøve organisert og uorganisert idrett og friluftsliv kvar dag.
- Osterøy kommune har klare retningslinjer for samarbeid med lag og organisasjonar.
- Osterøy skal, i eigen regi eller i samarbeid med lag, organisasjonar eller verksemder, kartlegge eksisterande ferdselsvegar (vegar, stiar, tråkk, etc.) og aktuelle nye friluftsområde med mål om å leggja til rette for vesentleg auka fysisk aktivitet i naturen. (Auka tilgang til desse naturgoda skal òg vere ein del av arbeidet med å auke attraktiviteten til Osterøy).

Dette betyr meir konkret at planen skal klargjere:

- Friluftsliv - kartlegging og sikring av friluftsområde
- Oversyn over kva anlegg som finnes og kva som er planlagt i næraste framtid.
- Oversyn over kva type anlegg Osterøy treng i planperioden, og kvar disse anlegga bør ligge
- Tilhøvet mellom kommunen og lag/organisasjonar med tanke på eigarforhold, driftsansvar m.m. der kommunen eig grunnen

2. Føringer for planarbeidet

Berekraftsmål

Berekraftig utvikling er «utvikling som tilfredsstiller dagens behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners muligheter til å tilfredsstille sine behov» (Definisjon av Brundtland-kommisjonen frå 1987).

FN sine 17 berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla set miljø, økonomi og sosial utvikling i

samanheng, og intensjonen er at både statar, næringsliv og sivilsamfunn skal nytte dei felles måla som ein arbeidsplan for berekraftig utvikling.




Fig. 1: Oversikt over FN sine 17 berekraftsmål.

Noreg har slutta seg til målsettinga om at dei 17 berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar. Det er difor viktig at berekraftsmåla vert ein del av samfunns- og arealplanlegginga og vårt nærmiljø. For KDP i idrett og fysisk aktivitet, vil mål 3 «God helse» og mål 11 «Bærekraftige byer og samfunn» bli lagt særskilt vekt på.

Nasjonale føringar

Kulturdepartementet har fastsett eit minstekrav til kva kommunedelplanar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal innehalde. Kommunen må ta omsyn til dette ved utforminga av kommunedelplanen, som etter departementet minimum skal ha følgjande innhald (KUD 2014):

- Målsetting for kommunen sin satsing på idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv
- Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg
- Oversikt over forventna kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområder bør gå fram av relevante kunnskapsgrunnlag

«Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029»

Regjeringa tar med denne handlingsplanen viktige grep for å skape eit meir aktivitetsvenleg samfunn. Fysisk aktivitet vert understreka som eit nasjonalt omsyn som skal i takast i vare i samfunns- og arealplanlegging. Nullvekstmålet skal utviklast vidare med sikte på meir miljø- og klimavenleg transport. Det er både aktivitets- og helsevenleg.

Regionale føringar

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 utgjer inntil ny plan for Vestland fylke er godkjend, den regionale føringa for idrett og fysisk aktivitet i Osterøy kommune. Ny regional plan for idrett og fysisk aktivitet er i mars 2021 sendt på høyring.

I gjeldande plan understrekar dåverande Hordaland fylke samanhengen mellom aktivitetsnivå som ung og helse som vaksen. Dei påpeikar at ungdom dett av dei frivillige organisasjonane, men at dei i staden nyttar dei kommersielle treningssentera. Planen påpeikar behovet for å auke kvardagsaktiviteten, og at dette best skjer i tette samarbeid mellom private, kommunale og offentlege aktørar. Planen understrekar vidare behovet for lågterskelaktivitar for spesielt utsette grupper (personar med nedsett funksjonsevne, minoritetsspråklege, personer med psykiske utfordringar med fleire).

Med tanke på utviklinga av anlegg, har fylket to mål som er relevante for Osterøy: (1.) Anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø. (2.) Anlegg for idrett bør vere knytt til skular og idrettsparkar. Dei understrekar i planen at anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen «aktiv kvar dag», spesielt for aldersgruppa 6 – 19 år, og at det er visjonen som skal vere styrande for kommunen sine prioriteringar om kva anlegg som skal utviklast.

Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030

Osterøy kommune skal ha ein systematisk og heilskapleg innsats for å gje innbyggjarane gode kvardagsliv i trygge omgjevnadar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er eit av måla gode levekår og attraktive lokalsamfunn. Kommunen skal legge til rette for at innbyggjarane kan ta aktivt del i og bli involvert i samfunnsplanlegginga. Kommunen vil arbeide mot målet ved å blant anna legge til rette for leik, idrett, aktivitet, kulturtilbod, naturopplevingar og fritidstilbod til innbyggjarane. Osterøy kommune skal leggje til rette for gode fysiske og sosiale oppvekstmiljø for born og ungdom ved å blant anna skape gode møte- og leikeplassar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er difor folkehelse eit sentralt tema i ein berekraftig utvikling, som famnar om trivsel, trygge oppvekstmiljø, gode lokalsamfunn, tilhøve til naturen og førebygging av sjukdommar og dårleg helse. Dette perspektivet skal leggjast til grunn for arbeidet i alle sektorar, og det skal leggjast særleg vekt på barn og unge i høve førebyggjande helse- og trivselsarbeid.

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vil nyansere dei meir generelle strategiane som samfunnsdelen har satt opp.

3. Gjennomføring av planarbeidet

Lovverk

Den overordna planprosessen for kommunedelplanen støttar opp under dei krav som er fastsett i plan- og bygningslova (pbl.):

- Pbl. § 11-12: Oppstart av arbeid med kommunedelplan
- Pbl. § 11-13: Utarbeiding av planprogram
- Pbl. § 11-14: Høyring av planforslag
- Pbl. § 11-15: Vedtak av kommunedelplan

Framdrift

Tabellen under viser planlagt progresjon i utarbeidinga av planprogrammet. Progresjonen er lagt opp realistisk og nøktern, med omsyn til kapasiteten i administrasjonen til å gjennomføre prosessen.

	2021											2022									
AKTIVITETAR	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	
Førebuing																					
Utarbeide planprogram																					
Vedtak om oppstart																					
Høyring																					
Vedtak planprogram																					
Utarbeide planframlegg																					
Planforslag til høyring																					
Bearbeide planforslaget																					
Politisk sluttbehandling																					

Organisering av planarbeidet

- Styringsgruppe: Rådmannen sin leiargruppe vil vere styringsgruppe for planarbeidet.
- Arbeidsgruppe: Leiar for Kultur og mangfald saman med representant frå PLAN (prosessarbeid, planfagleg arbeid). Heradsstyret har godkjent følgjande medlem til arbeidsgruppa: Helge Edvardsdal, SP og Øyvind Litland, AP.
- Medarbeidarar frå Sektor for samfunnsutvikling vil bli trekt inn ved høve.
- Referansegruppe vert nytta og kalla inn til arbeidsmøte ved behov. Dette kan vere:
 - Representantar frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Representantar frå eldrerådet
 - Representantar frå ungdomsrådet
 - Idrettsrådet
 - Osterøy turlag og Osterøytrimmen
 - Representantar frå grendaråd og helselag
 - Styret i Osterøy Aktiv AS

Medverknad, informasjon og samarbeid

I planprosessen vert det lagt opp til ein god medverknadsprosess der lag, organisasjonar og privatpersonar i alle aldre skal ha moglegheit til å kome med innspel både før, under og etter at det ferdige plandokumentet vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Både planprogrammet, og utkast til planforslaget vil, når det ligg føre, vert lagt ut til offentleg ettersyn. Plan- og bygningslova krev minimum 6 veker høyringsperiode. Dette vil gje ein god moglegheit for alle interesserte partar til å kome med innspel til planarbeidet.

Gjennom god dialog med referansegruppa gjennom planprosessen vil vi sikre medverknad frå relevante aktørar i kommunen.

Undervegs i planprosessen (i framdriftsplanen: Utarbeide planframlegg) vert det lagt opp til fysiske eller digitale møter der ein kan komme med innspel til planprogrammet.

Skular og barnehagar vert invitert til å sei noko om korleis dei synes det er kjekt å vere i fysisk aktivitet, og kva dei tenker må på plass for at aktivitetsnivået skal auke. Dette er tenkt gjennomført i tett samarbeid med pedagogar i skular og barnehagar, med inspirasjon frå eit verktøy som heiter «Barnetråkk».

Det er behov for ein grundig og ryddig gjennomgang av anlegg tilrettelagt for fysisk aktivitet og idrett, både eksisterande og planlagde, i lag med lag og organisasjonar. Det er óg behov for avklaringar mellom spesielt idretten og kommunen med tanke på ansvar for drift, vedlikehald og utvikling av anlegg der kommunen eig grunnen.

4. Avslutning

Hensikten med planen er å få ein tydeleg retning for korleis kommunen skal prioritere innsatsen med tanke på å auke den fysiske aktiviteten i kommunen; for alle aldersgrupper, ute i naturen eller ved hjelp av anleggsutvikling (både dei vi har og dei som er på planleggingsstadiet). Prioriteringane vil handle om å ta val med den målsettinga å sikre at alle innbyggjarar har tilgang på mogelegheit til å vere i ein form for fysisk aktivitet som den enkelte trives med.